

## Rettleiing ved andre endringar

### Skjemaet gjeld

notering av endring innanfor varemerke og design som ikkje er fornying, overdraging, namne-/adresseendring, fullmakt eller lisensavtale. Er endringa knytt til noko slikt, skal du nytte eigne skjema. Skjema finst på [patentstyret.no](http://patentstyret.no).

### Søknadsnr./reg.nr.

Gjeld endringa ein eller fleire konkrete rettar, må du føre opp søknads- eller registreringsnummer. Er det ikkje nok plass i feltet på side 1, så bruk eit eige vedlegg. Alle rettane må tilhøyre same fagområde (varemerke, design). Vil du ha notert endringar i fleire rettar som tilhøyre ulike fagområde, må du fylle ut fleire skjema, eitt for kvart fagområde. Før også opp designen eller varemerket. Dette er viktig for at Patentstyret skal kunne kontrollere at endringane blir noterte i riktig rett.

### Endring

Du må krysse av for kva endring skjemaet skal omfatte. Dette skjemaet vil gjelde endringar som for eksempel fullstendig eller delvis sletting av ein rett, endring av varemerke eller annan type endring. Om ikkje endringa som skal noterast, er med i ein eigen boks, må du spesifisere nærmare kva slags endring det gjeld. Legg ved eige vedlegg.

### Delvis sletting

Om endringa gjeld delvis sletting av ei varemerkeregistrering, må du oppgje kva varer/tenester merket framleis skal ha vern for. Om endringa gjeld delvis sletting i ei samregistrering av design, må du oppgje kva designar registreringa framleis skal gjelde. Dersom det ikkje er nok plass i feltet, legg du ved eit eige vedlegg.

### Merkeendring/endring av design

Dersom meldinga gjeld ei merkeendring, må du sende inn to tydelege avbildningar av det nye merket. Dette er ikkje nødvendig om endringa gjeld eit ordmerke. Då er det tilstrekkeleg å føre opp det nye ønskete ordmerket. Dersom endringa gjeld endring av design, må du leggje ved bilete av designen i endra form. Vi gjer merksam på at det er avgrensa høve til å endre i eit varemerke eller ein design som er søkt/registrert. Sjå varemerkelova §§ [13](#) og [34](#) eller designlova §§ [14](#) og [28](#).

### Nærmare om endringa

Dersom det er nødvendig å gi fleire opplysningar, om endringa, ber vi om at du nyttar dette feltet.

### Innehavar

Du må føre opp namnet og adressa til innehavaren. Har innehavaren eit kundenummer i Patentstyret, ber vi om at dette blir teke med.

### Vedlegg

Det er ikkje nødvendig å sende inn dokumentasjon for endringa. Dersom innehavaren likevel vil sende dokumentasjon, ber vi om at du fører opp i skjemaet at det er med vedlegg. Vi ber om at dokumentasjonsom er på meir enn 15 sider blir levert elektronisk.

### Underskrift

Innehavaren eller fullmektigen (om han/ho har fullmakt til å gjere den aktuelle endringa) må signere skjemaet. Vi godtek kopi av skjemaet så sant opplysningane som står der, er tydelege.

### Personopplysningar

Styrelova og design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.

### Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysningar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlate å offentleggjere opplysningane.